

## Kontrollutvalget i Forsand kommune

### Møteinnkalling

Møtested:	Møterom på kommunehuset
Dato:	09.06.2016
Tidspunkt:	Kl. 9.00
Møtenr:	3

#### Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
<a href="#">14/16</a>	Godkjenning av protokoll frå møte den 21.04.16
<a href="#">15/16</a>	Orientering om Forsand kommunes rekneskap pr.1. tertial 2016
<a href="#">16/16</a>	Rekneskapsoppfølging for kontroll og tilsyn pr. 1.tertial 2016
<a href="#">17/16</a>	Ny plan for forvaltningsrevisjon - Oppsummering og prioritering av prosjekter
<a href="#">18/16</a>	Rapport forvaltningsrevisjon: Legekantor
<a href="#">19/16</a>	Plan for invitasjon av kommunale leiarar
<a href="#">20/16</a>	Statusoversikt prosjekt og kontrollar pr. mai 2016

#### Referatsaker/meldinger

<b>Periode:</b>	21.04.2016 - 09.06.2016	
<b>Nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Referatsakstittel</b>
<a href="#">4/16</a>	16/00161-2	Vedtak i representantskapet for Rogaland Revisjon IKS
5/16	16/00310-2	Pålegg om retting - Tilsvar frå kommunen (Rapport: Forsand skule)
<a href="#">6/16</a>	16/00050-5	Fritak frå kommunalt verv - suppleringsval

#### [Medlemsoversikt](#)

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt.97071925 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalles.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Forsand, 31.05.2016

Inger Anita Merkesdal  
Leder av kontrollutvalget

Leni Tande  
Sekretariatet

## **14/16 Godkjenning av protokoll frå møte den 21.04.16**

Arkivsak-dok. 16/00164-6  
Arkivkode. 033  
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	09.06.2016	14/16

Protokollen frå møte den 21.04.16 legges fram for kontrollutvalet til endelig godkjenning.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møte den 21.04.16.**

SANDNES, 20.05.2016

Leni Tande  
Førstekonsulent

Vedlegg:  
[Protokoll fra 21.04.16](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

## **15/16 Orientering om Forsand kommunes rekneskap pr.1. tertial 2016**

Arkivsak-dok. 16/00045-1  
Arkivkode. 030  
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	09.06.2016	15/16

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet har ein lovfesta rett til å knyta kommentarar til kommunes årsrekneskap før dette vert behandla av formannskap og kommunestyre. Som eit ledd i kontrollutvalets tilsyn med rekneskapet vert derfor tertialrapportane lagt fram for utvalet til orientering.

Det er ikkje krav i lov og forskrift at kontrollutvalet skal behandla kommunens tertialrapportar. Kontrollutvalet gir derfor ikkje innstilling til kommunestyret i denne saka, men tar den til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet gis i forbindelse med behandling av årsrekneskapet.

### **Saksutredning:**

Sekretariatet har invitert økonomisjefen til dette møte for å holde ei orientering om kommunens rekneskap pr.1. tertial 2016.

### **FORSLAG TILVEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand tar økonomisjefen sitt framlegg til orientering.**

SANDNES, 20.05.2016

Leni Tande  
Førstekonsulent

[Saksliste](#)

## **16/16 Rekneskapsoppfølging for kontroll og tilsyn pr. 1.tertial 2016**

Arkivsak-dok. 16/00059-11  
 Arkivkode. 212  
 Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	09.06.2016	16/16

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet er i føreskrifta pålagt å lage budsjett for arbeidet med kontroll og tilsyn i kommunen. Difor må og kontrollutvalet fylgje med på regnskapet for sitt område gjennom året. Denne oppfylginga skjer kvart tertial som elles i kommunen. Den framlagde oversikten byggjer på opplysningar frå kommunerekneskapen, samt opplysningar frå revisor og sekretariatet.

### **Saksutgreiing**

Oversikta viser eit samla forbruk på 231.802,- for 1. tertial 2016, som utgjer 32,4% av årsbudsjettet.

Når det gjeld utgifter til kontrollutvalet er det brukt 18,8% av budsjettet. Årsaka til det låge forbruket hittil skuldast at ein del utgifter vert betalt ut seinare i år/på slutten av året.

Utgifter til sekretariatet utgjer 32,7%. Utgiftene er i tråd med faktura frå sekretariatet.

Utgifter til revisjon utgjer ca. 38,9 av budsjett. Revisor kommenterer tala slik: *«I regnskapsrevisjonen er årsoppgjørsrevisjon 2015 gjennomført og interimrevisjonen for 2016 påbegynt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for to terminer. Av særattestasjoner kan nevnes bekreftelse av tilskudd til ressurskrevende brukere og antall psykisk utviklingshemmede, som er de mest tidkrevende. Innen forvaltningsrevisjon er overordnet analyse levert mens forvaltning av eierskap er bestilt.»*

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand tek rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 1. tertial til orientering.**

SANDNES, 20.05.2016

Leni Tande  
 Førstekonsulent

Vedlegg:  
[Rekneskapsoppfølging pr. 30.04.16](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

## **17/16 Ny plan for forvaltningsrevisjon - Oppsummering og prioritering av prosjekter**

Arkivsak-dok. 16/00053-11  
 Arkivkode. 144  
 Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	09.06.2016	17/16

### **Bakgrunn**

Som eit ledd i arbeidet med å prioritere prosjekt som skal inn i den nye Plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode, har kontrollutvalet i Forsand gjennomført samtalar med politisk og administrativ leiing i kommunen. Her har kontrollutvalet fått innspel til aktuelle prosjekt for utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon. Alle innspela er samla i eit eige dokument, sjå vedlegg 1.

Kontrollutvalet har og fått utarbeidd ei overordna analyse, sjå vedlegg 2. Utarbeiding av denne analysen er lovpålagt. Dette dokumentet vil kontrollutvalet kome tilbake til i det vidare arbeidet med prioriteringar og utarbeiding av den endelege planen.

Det neste steget i prosessen er å summere opp innspela og starte på prioriteringane av dei prosjekta som er komne fram i prosessen.

### **Saksutgreiing**

Før kontrollutvalet tar til med oppsummering og prioritering blant innkomne innspel, må utvalet tenke gjennom om dei har eigne innspel dei og vil ha med i den vidare prosessen. Kontrollutvalet kan og spørje revisor og sekretariat om dei ser områder som det kan vere naturleg å føye til utover det som allereie er kome fram.

Kontrollutvalet må så starte prosessen med å prioritere kva prosjekt som skal leggast inn i planen i første runde. Her må kontrollutvalet gjere seg opp ei eiga meining om kor sannsynleg det er at ei uynskt hending på aktuelle område kan oppstå (vurdering av risiko). Vidare må kontrollutvalet vurdere kor stor konsekvens ei uynskt hending kan få (vurdere kor vesentleg den er). Ut frå den vurderinga kontrollutvalet gjer, vil utvalet kome fram til kva dei vil prioritere i planen. Sekretariatet tar med ei eiga matrise (vedlegg 3) som kontrollutvalet bruker i samband med denne prioriteringa.

Kontrollutvalet har budsjettramme til å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i året. Det inneberer at utvalet i planperioden kan gjennomføre ca. fire forvaltningsrevisjonar. Det kan vere lurt å prioritere nokre fleire prosjekt, då det kan skje endringar undervegs som gjer at eit prosjekt ikkje er aktuelt lenger, mens eit anna kan vere meir aktuelt. Lovreglane opnar og for at kontrollutvalet kan be kommunestyret om å delegere myndighet, slik at dei sjølv kan rullere planen i planperioden. Dette gjer ein smidigare planprosess. I den vedlagte skissa til plan er dette innarbeidd. Dersom kontrollutvalet gjer ei slik rullering er det naturleg at det vert sendt melding til kommunestyret om endringa.

Planen skal gjelde i ein fireårsperiode frå slutten av 2016 fram til ny plan er ferdig mot slutten av 2020. Dette er ein lang periode, og planen bør difor vurderast på ny minimum ein gong i perioden. Kor omfattande ei slik rullering skal vere er det naturleg å ta stilling til på det tidspunktet der det er aktuelt å gjennomføre rullering av planen.

Kontrollutvalet bør bruke tid på prioriteringsprosessen, gjerne eit par møter om naudsynt. For at kontrollutvalet skal hugse kva som vart gjort i førre møte, vil sekretariatet ta bilete av matrisen med dei føreslåtte prioriteringane. Denne vil medlemmene få tilsend etter møtet. Dette vil gjere det lettare å ta opp diskusjon om prioriteringane i neste møtet.

Det vert lagt opp til at kontrollutvalet på møtet i september slutfører planarbeidet og sender planen over til kommunestyret for endeleg vedtak.

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet ber sekretariatet oppdatere planen med prioriteringane som utvalet kom fram til i dette møtet samt oppdatere oversikta over innkomne innspel.

Kontrollutvalet vil i neste møte vurdere prioriteringane som vart gjort i dette møtet og tar sikte på å slutføre arbeidet med planen og fatte endeleg vedtak i det møtet.

SANDNES, 10.05.2016

Leni Tande  
Førstekonsulent

Vedlegg:  
[Innkomne innspel](#)

[Overordna analyse](#)

[Matrise](#)

[Skisse til plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

**18/16 Rapport forvaltningsrevisjon: Legekantor**

Arkivsak-dok. 14/00090-6  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	09.06.2016	18/16

**Bakgrunn**

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjonen «*Legekantor*» i møte den 27.11.2014. Formålet med prosjektet har vore «*å undersøke organisering, samarbeidsklime, økonomi, legedekning, kvalitet og tilgjengelighet til legetjenesten i Forsand kommune.*»

Ut frå dette vedtok kontrollutvalet å sjå nærare på følgjande problemstillingar:

- *Hvor store utgifter har Forsand til legetjenesten, sammenlignet med andre kommuner? Og hvordan har utviklingen vært de siste årene?*
- *Har alle innbyggerne i Forsand fastlege, eller finnes det noen som ikke har fått fastlege? Hva er ev. årsakene til det? Hvor mange innbyggere fra andre kommuner har fastlege i Forsand?*
- *Hva er grunnen til at gjennomsnittlige listelengden er lav i Forsand kommune?*
- *Hvordan fungerer organiseringen av fastlegeordningen i Forsand kommune?*
- *Hvordan fungerer samarbeidet mellom legene?*
- *Hvordan er kvaliteten og tilgjengeligheten til legetjenesten i Forsand kommune?*

**Saksutgreiing**

Kontrollutvalet har motteke rapport frå den gjennomførte forvaltningsrevisjonen som nå vert lagt fram til behandling i kontrollutvalet med innstilling til kommunestyret.

Rapporten byggjer på intervju, dokumentgransking, nøkkeltal frå Helsedirektoratet og samanlikningar med andre kommunar.

I rapporten kjem det fram følgjande funn:

Kommunens utgifter til legetenesta har auka med 24% i perioden 2010 – 2015. Netto utgifter til legetenesta pr. 31.12.15 var på ca kr 3,5 mill. I samanlikning med Strand og Suldal har Forsand relativt høge utgifter i samband med tenesta.

Kommunen har i dag god fastlegekapasitet, og 76% av innbyggjarane har fastlege her. 285 innbyggjarar (24 %) har sin fastlege i andre kommunar, til dømes av praktiske årsaker som at dei f.eks velgjer fastlege i den kommunen dei arbeider i. Også innbyggjarar frå andre kommunar har fastlege hos Forsand, ca 410 pasientar.

Gjennomsnittlig listelengde i Forsand er betydelig lågare enn i de fleste andre kommuner. Ei forklaring kan vera at Forsand har 3 legar som deler på 2 stillingar, til samanlikning med Hjelmeland som har 2 legar. Legane oppleve høg arbeidsbelastning til trass for låg listelengde. Forklaringa kan vera lengre konsultasjonsarbeid, ein stor andel av ressursane medgår til offentlig arbeid og til legevaksarbeid.

Legetenesta i Forsand er organisert i seksjon *Familie* under kommuneområde for oppvekst og omsorg. Stillinga som seksjonsleiar står pr. feb. 2016 som ubesatt og leiar for Oppvekst og omsorg har overteke leiaransvaret.

Samarbeidet mellom legetenesta og deira samarbeidspartnarar oppfattes som god generelt sett. Kommunen har nettopp oppretta eit lokalt samarbeidsutvalg.

Når det gjeld kvalitet og tilgjengelegheit i legetenesta får dei høg score på alle indikatorane i brukar undersøkinga. Kommunen har erfarne legar og sykepleiarar som og har spesialkompetanse. Legekontoret hadde pr. nov. 2015 ein reservekapasitet på 5%, det vil sei at personer som ønskjer det, har tilbod om fastlege på Forsand.

Oppsummert anbefaler revisor følgjande:

- *Se nærmere på egen praksis for pasientkontakt, og vurdere om andelen ordinære konsultasjoner bør økes og enkle pasientkontakter reduseres.*
- *Se nærmere på konsultasjonstiden, og vurdere om en bør differensiere bedre i forhold til behov.*
- *Evaluere legevaktavtalen med Sandnes kommune når den har fungert en periode.*
- *Kartlegge hvor mye ressurser ved legetjenesten som medgår til administrasjon og utfordringer knyttet til IKT og vurdere hvorvidt en bør definere administrativt ansvar inn i aktuelle stillinger. Dette er spesielt viktig så lenge stillingen som seksjonsleder er ubesatt.*

For utfylljande opplysningar og kommentarar vert det vist til rapporten.

I tråd med revisjonsforskrifta har rådmannen fått høve til å uttale seg om rapporten. Rådmann gir uttrykk for at rapporten gir eit godt og nyansert bilde av situasjonen ved legekontoret. Han seier vidare i sin kommentar at listelengde og konsultasjonstid vil bli vurdert. Legevaktavtalen med Sandnes kommune skal vurderast etter 6 mnd og at innan utløpet av 2016 skal ny administrativ organisering vere på plass.

For utfylljande kommentarar frå Rådmann vert det vist til rapporten.

Forskrifta pålegg kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til gjennomført forvaltningsrevisjon vert følgt opp av rådmannen. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak ca. 6 månader etter kommunestyret si behandling. Sak om oppfølging av rapporten vert vidare send kommunestyret etter behandling i kontrollutvalet.

I medhald av Forskrift om kontrollutval § 11 fremmer kontrollutvalet si innstilling direkte til kommunestyret.



KONTROLLUTVALET INNSTILLER TIL KOMMUNESTYRET Å FATTE FØLGJANDE  
VEDTAK:

Kommunestyret i Forsand tar forvaltningsrevisjonen «Legekontor» til orientering.

Rapporten vert vidaresend rådmannen for oppfølging av rapporten sine konklusjonar og anbefalingar.

Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

SANDNES, 21.07.2015

Leni Tande  
Førstekonsulent

Vedlegg:  
[Rapport - Legekontoret](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **19/16 Plan for invitasjon av kommunale leiarar**

Arkivsak-dok. 16/00045-2  
Arkivkode. 030  
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	09.06.2016	19/16

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvala rundt om i kommunane har valt å invitera toppleiinga i kommunen for å orientera kontrollutvalet om sitt arbeids- og ansvarsområde. Sekretariatet føreslår derfor at kontrollutvalet i Forsand og set opp ein plan for gjennomføring av slike samtalar.

### **Saksutredning:**

Rådmannen si leiargruppa består av rådmann og organisasjonssjef Audun Grødem.

Under administrativ organisering finner vi:

Forsand Barnehage

Forsand skule

Pleie og omsorgseksjonen

Familieseksjonen

Seksjon funksjonshemma

Seksjon kultur og fritid

Seksjon eigedom, drift og investering

Seksjon plan og forvaltning

Sekretariatet foreslår at leiar frå ein av desse seksjonane vert invitert til kvart møte framover. Invitasjonane kan i utgangspunktet sendes i den rekkefølga dei står over, men sekretariatet bør imidlertid ha fullmakt til å invitera neste på lista dersom det ikkje passer for den som blir invitert.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet ønskjer å invitera kommunale leiarar til møta framover for å orientera kontrollutvalet om sitt arbeids- og ansvarsområde.

Sekretariatet gis fullmakt til å invitera andre på lista dersom den som står for tur ikkje har anledning til å møta.

SANDNES, 20.05.2016

Leni Tande  
Førstekonsulent

[Saksliste](#)

[Click here to enter text.](#)

## **20/16 Statusoversikt prosjekt og kontrollar pr. mai 2016**

Arkivsak-dok. 16/00287-7  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	09.06.2016	20/16

### **Bakgrunn:**

Sekretariatet legg til kvart møte i kontrollutvalet fram ei oversikt over saker og andre prosjekt kontrollutvalet arbeider med eller har bestilt frå revisor/evt. andre. Oversikta skal vera kontrollutvalets reiskap for å kunne følgje behandling og framdrift i sakene, samt ha oversikt over tidlegare behandla saker.

### **Saksutredning:**

Under denne saka kan kontrollutvalet ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor dersom dei er til stades kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om det er nødvendig.

Oversikta over avslutta saker viser kva saker som blir ferdig behandla i inneverande valperiode. Det er foreløpig ingen saker her.

### Ny informasjon frå statusoversikten:

- *Rapport forvaltningsrevisjon «Legekontor» vert behandla i dagens møte.*

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt pr. mai 2016 til orientering.**

SANDNES, 20.05.2016

Leni Tande  
 Førstekonsulent

Vedlegg:

[Statusoversikt pr. mai 2016](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

## **Referat- /Meldingsaker**

[4/16 Vedtak i representantskapet for Rogaland Revisjon IKS](#)

[5/16 Pålegg om retting - Tilsvar frå kommunen \(Rapport: Forsand skule\)](#)  
(Pga stor saksmengde sendes meldingsaken i egen mail)

[6/16 Fritak frå kommunalt verv - suppleringsval](#)